

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.01.2021
SAKSHANDSAMAR: Børge Tvedt
SAKA GJELD: **Høyring - Regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2020/10465

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
29.01.2021

STYRESAK:
007/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til administrerande direktør sitt høyringsbrev til regional plan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest.

Oppsummering

Hovudgrepet i regional plan for sikkerheitspsykiatri er å styrke kapasitet og kompetanse i lokal tryggleiksavdeling og ambulante tenester. Planen skisserer utfordringar og tiltak på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Gode tenester for pasientane og godt samfunnsvern krev vidare satsing og utvikling av tenestene.

Fakta

Helse Vest har i brev av 14.12.20 bede om innspel til regional plan for sikkerheitspsykiatri.

Planen er utarbeidd av ein arbeidsgruppe i Helse Vest og har mellom anna bakgrunn i nasjonal sjukehusplan 2020 – 2023 som peikar på behov for at det innan sikkerheitspsykiatrien er behov for å betre pasientforløpa, styrke tilbodet i spesialisthelsetenesta og kommunane, samt å etablere butilbod i kommunane i samarbeid med spesialisthelsetenesta.

Planen har ein omtale av tenesteområdet samt ei rekke tilrådingar, mellom anna;

- Auke i tal døgnplassar i lokale sikkerheitsavdelingar
- Etablering av sikkerheits-rehabiliteringsplassar/einingar der det ikkje er slike
- Betre og større skjermingsfasilitetar med rømmings-forhindrande uteareal
- Initiativ nasjonalt med forslag om lovendingar når det gjeld oppfølging og

restriksjonar i kommunal sektor, for eksempel ruskontroll og andre lite inngripande tvangstiltak

- Rehabilitering, ombygging og eventuelt nye bygg for å møte krav til kvalitet, pasienttryggleik og HMS

- Poliklinisk/ambulante sikkerheitsteam som følgjer opp pasientane når dei flytter ut i kommunane

Hovudgrepet i planen er å styrke kapasitet og kompetanse i lokal tryggleiksavdeling og ambulante tenester. Helse Førde opnar ny tryggleiksavdeling i april 2021, og vil vere bra rusta til å møte utfordringane og satsingane som planen skisserer. Gode tenester for pasientane, godt samfunnsvern og oppfylling av tiltaka i planen krev vidare satsing og utvikling av tenestene. Tiltaka i planen vil medføre behov for finansiering.

Høyringsbrev er utarbeidd av psykisk helsevern, men med opning for innspel frå dei andre klinikkane og fag- og utviklingsavdelinga. Det er henta inn innspel til høyringa gjennom eige møte med fagmiljøet som jobbar med sikkerheitspsykiatri i Helse Førde og i linja i avdelingane i psykisk helsevern. Høyringsbrevet er og handsama i avdelingssjefsmøte og klinikkråd i psykisk helsevern.

Konklusjon

Administrerande direktør rår styret til å slutte seg til høyringsbrev.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Helse Vest
2. Regional handlingsplan for sikkerheitspsykiatri i Helse Vest

3. Helse Førde sitt høyringsbrev